

# ÅRSMELDING VESTAFJELSKA REDAKTØRFORENING 2013

Årsmøte vart halde i BA sine lokale i Bergen.  
(Referat frå årsmøtet er lagt ved årsmeldinga.)

Styret for arbeidsåret 2013 har vore samansett slik:

Leiar: Jan Inge Fardal, Sogn Avis  
Kasserar: Nils Torsvik, Fiskaren  
Styremedlem: Vigdis Holmaas, NRK  
Varamedlem: Anders Nyland, BA

## Generelt om aktiviteten:

Det er avvikla tre styremøte i løpet av året, alle i Bergen.

## Studieturen 2013:

Etter to vellukka fellesturar med Agder/Rogaland til Island i 2011, og Skotland i 2012 var det liten grunn til å endra på opplegget i år.

Studieturen 2013 gjekk til kriseråka Hellas der me hadde eit tettpakka og interessant program. Fredag 12. april starta på hotellet med eit innlegg av ambassadør Sjur Larsen og ambassadesekretær Anne Havnør. Interessant og engasjerande frå ambassadøren frå Bergen! Deretter kom redaktør Nikos Konstandaras i Kathimierini for på snakka om sitt liv som redaktør i dagens Hellas. Han teikna eit usminka og heller dramatisk bilete. Me hadde også møte med Journalists Union of The Athens Daily Newspaper, nær Syntagmaplassen). Det vart reine rundebordekonferansen med eit dusin gresle journalistar og kombinert lunsj. Deretter møtte me Athenian New Agency and Macedonian News agency, også sentralt lokalisert.

Attende på hotellet hadde me eit litt meir uformelt møte med greskamerikanske Joanna Kakassis, som er New York Times sin reporter i Aten.

Laurdag var det sightseeing til dei fleste kjende stadene i Aten og nokre av oss fekk også med seg landskamp i rugby mellom Noreg og Hellas.

## Handlingsplan 2013–2015

Me sende inn uttale til handlingsplanen 2013–15.

Der oppmoda Vestafjelske Redaktørforening til at redaktørforeininga engasjerer seg mykje sterkare i saker som handlar om moms på digitale aviser, eigarskap, NRK-lisens, pressestøtte, digital transformasjon osb.

Me konstaterer at medieorganisasjonane til no ikkje har nådd fram til Storting og Regjering om verknadene av moms på aviser og nyhendemedium. Noko som har medført moms på alle digitale medium på 25 prosent.

Medieorganisasjonane har heller ikkje nådd fram i saka om pressestøtta, som etter å ha blitt kutta, har stått stille i løvvingane på statsbudsjettet. Det er soleis på høg tid at redaktørane engasjerer seg i dette med full styrke og då gjennom redaktørforeinga. For dette er etter vårt skjøn ei sak som redaktørane bør fronta, ikkje direktørane i mediehusa. Det er snakk om viktige prinsipp, som moms på skrivne ord og mangfaldet i media.

Det burde vera eit alvorleg varsku for fleire når Facebook no blir lansert som den nye og

framtidige lokalavisa. Kva med samfunnsoppdraget og redaktøransvaret då?

Norske politikarar må i ein heilt annan grad enn fram til i dag – besvisstgjerast på kva veg dette kan gå dersom ikkje media, som er tufta på Redaktørplakaten og redaktøransvaret ikkje får betre rammevilkår.

Som eit første steg vil Vestafjelske Redaktørforening invitera stortingsbenken frå Hordaland og Sogn og Fjordane til eit felles møte om dette tema. Dei andre regionforeiningane bør etter vårt skjøn oppmodast til å ta eit liknande initiativ.

### **Møte med Stortingsbenken 16 april.**

Ein delegasjon frå VF møtte Hordalandsbenken den 16. april. Representantane sette pris på at redaktørane har engasjert seg, og at me fortalte om medieutviklingens- og mediepolitikkens utfordringar for journalistikken og samfunnsoppdraget. Dei ba om å få tilsendt ytterlegare informasjon. Olav Terje og Anders ordna med dette.

Dei ynskte også å fortsetja dialogen og halde kontakten med oss.

Skal me få landa denne saken i media favør, trur me det er heilt essensielt at redaktørane nå tek styring . Stortingsrepresentantane lyttar til redaktørane når me fortel om utfordringa med å finansiere god journalistikk meir enn dei lyttar til direktørar og eigalarar som snakkar om driftsmarginar.

### **Gullparaplyen:**

Vestafjelske fekk spørsmål om å bidra til årets Gullparaply i regi av Bergen Journalistlag. Me sa ja og bidrog med 20.000 kroner. Og la dessutan årsmøte og årsmøtefesten til dette arrangementet. Det var kjekt.

### **Vårmøte:**

NR sitt landsmøte vart avvikla i Oslo 13–14. mai. Leiar representerte laget på vanleg måte.

### **Haustmøte /Regionleiarsamlinga:**

4. og 5. november var på Scandic Oslo Airport hotell, Gardermoen.

Leiar møtte på begge.

### **Lutefisk:**

Også i år møttest nokre av VF sine kvinner og menn til lutefisk. Etter fjarårets nedtur på Wessel, var lutefisken i år lagt til 2 Kokker på Bryggen fredag 22.november. Ein særslig vellukka kveld.

### **Diverse:**

Leiar held fram som medlem i rådet for Hauststormen og sit dessutan i hovudstyret og i programkommiteen til årets konferanse på Flesland 24.-26 oktober.

Jan Inge Fardal